

Arkivnr: 2019/2492-1

Saksbehandlar: Ronny Skaar

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

Meld. St. 8 «Kulturens kraft». Høyringsvar til familie- og kulturkomiteen**Samandrag**

Regjeringa avleverte 27. november 2018 Meld. St. 8 (2018 – 2019) Kulturens kraft, kulturpolitikk for framtida, til Stortinget. Familie- og kulturkomiteen skal avgj innstilling 7. mai 2019. I prosessen har det 18. februar 2019 vore arrangert ei høyring, men denne var ikkje open for fylkeskommunane. Det er varsla handsaming i Stortinget 14. mai 2019.

Fylkesrådmannen føreslår at Hordaland fylkeskommune sendar følgjande kommentar i saka til Stortingets familie- og kulturkomite.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til saka.
2. Saka vert oversendt Stortingets familie- og kulturkomite.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.03.2019

Bakgrunn

Ved handsaminga av fråsegn til Hagenutvalet gjorde Fylkesutvalet følgjande vedtak (FUV PS 99/18)

4.4 Kultur og kulturminnevern

Fylkesrådmannen støttar utvalet sine framlegg om overføringa av mynde og oppgåver innan kultur og kulturminnevern. Ein sterkare regionalisering kan gje styrka dialog mellom forvaltningsnivåa og betre samkøyring av ulike vekemiddel på kunst- og kulturområdet. Eit viktig premiss må vera at reforma skal styrka kultursektoren og -politikken, ikkje svekke den.

Ekspertutvalet sin forslag knytt til kulturområdet er svært omfattande både administrativt og økonomisk. Fylkesrådmannen vil difor trekkja fram følgjande punkt i høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune:

a. Prinsippet om armlengds avstand i kulturpolitikken må i like stor grad vera gjeldande for fylkeskommunen som for staten, og Hordaland fylkeskommune presiserer at overføring av tilskotsansvaret til fylkeskommunane ikkje skal innebere risiko for politisk innblanding i institusjonane eller tiltaka sitt sjølvstendige og frie kunstnarlege og innhaldsmessige ansvar.

b. Ekspertutvalet sine framlegg om direkte tildeling av spelemidlar på ei rad område, bør opna for at fylkeskommunane i større grad må få ansvaret for ei sjølvstendig politikktutforming når det gjeld samla spelemiddelbruk, i samsvar med regionale behov og føresetnader.

c. Hordaland fylkeskommune vil påpeika at ekspertutvalet si innføring av omgrepet «hovudstatsinstitusjonar» ikkje er tenleg, verken for spørsmålet om desentralisering av oppgåver eller for kulturpolitikken. Det er inga grunn til å leggja opp til ulik handsaming av institusjonar som Oslo Filharmoniske Orkester og Bergen Filharmoniske Orkester eller Nationaltheatret og Den Nationale Scene. Dei same prinsippa for oppgaveoverføring må leggest til grunn for desse institusjonane.

d. Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig at Kulturrådet si rolle som ein nasjonal arena for kunst- og kulturlivet oppretthaldast, primært med oppgåver knytt til Kulturrådet sitt grunnleggande oppdrag som forvaltar av Norsk kulturfond, slik ekspertutvalet føreslår. Norsk kulturråd bør ikkje ha direktoratliknande oppgåver. Kulturrådet har til dømes fått utviklingsoppgåver og ansvar for forvaltning av fleire tilskotsordningar som med fordel bør overførast til regionalt nivå. Fordelinga må ta utgangspunkt i eksisterande tildeling innanfor dei aktuelle tilskotsordningane.

Regjeringa avleverte 27. november 2018 Meld. St. 8 (2018 – 2019) Kulturens kraft, kulturpolitikk for framtida, til Stortinget. Familie- og kulturkomiteen skal avgje innstilling 7. mai 2019. I prosessen har det 18. februar 2019 vore arrangert ei høyring, men denne var ikkje open for fylkeskommunane. Det er varsla handsaming i Stortinget 14. mai 2019.

Fylkesrådmannen føreslår at Hordaland fylkeskommune sendar følgjande kommentar i saka til Stortingets familie- og kulturkomite:

Mål

Hordaland fylkeskommune er glad for at vi no har fått ei kulturmelding med eit nasjonalt perspektiv som ikkje berre gjer greie for statlege mål og prioriteringar, men som ser den nasjonale kulturpolitikken som eit resultat av måloppnåingar og verkemiddel og tiltak på både kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå. Hordaland fylkeskommune støttar dei overordna nasjonale kulturpolitiske måla. Eit samfunnmessig fellesskap av autonome, kritiske individ med valfridom og ytringsrett er grunnsteinen i demokratiet. Eit fritt og uavhengig kulturliv er både ein føresetnad for, og eit resultat av dette. Armlengdsprinsippet sikrar ytringsfridom og mangfald, og må vera grunnleggande i norsk kulturpolitikk og forvaltning.

Kunstpolitikk

Hordaland fylkeskommune støttar arbeidet med å styrkje rammevilkåra for og dei sosiale rettane til sjølvstendig næringsdrivande kunstnarar, og ser fram til framlegginga av ei eiga kunstnarmelding. Likeeins ein gjennomgang av scenekunstheltet, ikkje minst med tanke på å styrka samhandlinga mellom det profesjonelle og det frivillege kulturlivet.

Økonomien i kultursektoren

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til prioriteringar og vidare oppfølging.

Spelemidlar til kulturbygg

Hordaland fylkeskommune merkar seg punktet om å vurdere innretting og fordeling av spelemidlar til kulturbygg innanfor ramma av tippenøkkelen. Vi har tidlegare peika på den særskildige utviklinga når det gjeld avkorting av delen av spelemidlar som går til kulturbygg. I Hordaland er det stor trong for midlar til bygg, både når det gjeld produksjon og formidling, både for frivillig og profesjonell sektor, og både for samtidsuttrykk og for museumsfeltet. Det er naudsynt med ei endring i tippenøkkelen som kan sikra auka midlar til både lokale og regionale kulturbygg. Dette vil styrke det regionalpolitiske handlingsrommet, i dialog med kommunane, til å bygge regional infrastruktur i tråd med lokale behov og føresetnader. Her ligg det ei openberr kraft i fylkeskommunen si utviklingsrolle og høvet til å samhandla med lokalt nivå om gode løysingar. Behovet for gode arenaer for visning/utstilling, øving og framsyning har ikkje har blitt redusert på Vestlandet. Tvert om er det eit stort etterslep både når det gjeld tilrettelegging, vedlikehald, og utvikling av nye arenaer. Reduksjonen i spelemidla til den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg har medført manglande førutseielegheit for kulturlivet og redusert den regionale utviklingsrollen på dette feltet. Dette har medført manglande evne til å imøtekoma behov både på frivilleg sektor og innanfor det profesjonelle kunst- og kulturfeltet, samt til kunst- og kulturinstitusjonar og museum.

Internasjonale moglegheiter

Hordaland fylkeskommune støttar prioriteringar og oppfølging når det gjeld internasjonalt samarbeid. Hordaland fylkeskommune ser internasjonalt samarbeid som eit naturleg element på kulturfeltet og har eigne kulturpolitiske målsettingar på dette feltet. Vi har og samarbeidd om konkrete prosjekt med norske ambassadar i Storbritannia, Frankrike, Spania og Irland, og ser at dette er føremålstenleg.

Relevans og representativitet i kulturlivet

Hordaland fylkeskommune ser og gode moglegheiter for vidare satsing på inkludering og representativitet i kulturlivet. Inkludering vert eit viktig arbeidsområde i den regionale kulturpolitikken framover. Mellom anna vil Vestland fylkeskommune få eit eiga hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Kulturmeldinga peikar på viktige område for dette feltet, mellom anna integrering, deltaking, mobilisering og tiltak for nasjonale og andre minoritetar.

Danning og demokratibygging

Hordaland fylkeskommune har gjennom «prosjekt samspel» samarbeidd med fylkesmannen i Hordaland og høgskulen på Vestlandet om auka fokus på dei estetiske faga i grunnutdanninga. Dette er og ei målsetting i vår regionale kulturplan. Det er viktig at kulturmeldinga set fokus på dette, i tillegg til sturking av kulturskulen og andre fritidstilbod.

Hordaland fylkeskommune støttar at det vert lagt fram ei språklov og ei språkmelding.

Hordaland fylkeskommune støttar at det vert lagt fram ei barne- og ungdomskulturmelding.

Bibliotekstrategi

Hordaland fylkeskommune noterar seg målet om å utarbeida ein ny nasjonal bibliotekstrategi for 2020-2023. I denne samanhengen vil vi understreka følgjande:

Ein ny nasjonal bibliotekstrategi må ikkje bli ein strategi for Nasjonalbiblioteket. Den må forankrast kommunalt og fylkeskommunalt, og må ha eit nasjonalt bibliotekpolitisk perspektiv der ansvar, roller og verkemiddel på ulike forvaltningsnivå må sjåast i samheng. Slik forankring er ein føresetnad for å utvikla ein god nasjonal bibliotekstrategi.

Ein kunnskapsbasert kulturpolitikk

Hordaland fylkeskommune er samd i at utviklinga av ein god og framtidsretta kulturpolitikk må byggast på eit solid grunnlag av forskning og kunnskap. Vestland fylkeskommune vil styrka satsinga på kunnskapsbasert kulturpolitikk mellom anna med iverksetting av systematisk kunnskapsinnhenting, analyse og statistikk. Vi stiller oss bak forslaget om at Norsk Kulturråd i større grad burde ta ei slik rolle på nasjonalt nivå.

Organisering og ansvarsdeling

Felles nasjonalt ansvar

Hordaland fylkeskommune har tidlegare gitt innspel til Hagenutvalet sitt forslag. Grunnleggjande sett støttar Hordaland fylkeskommune framlegga på kulturområdet, men har uttrykt usemje når det gjeld omgrepet «hovudstatsinstitusjonar». Hordaland fylkeskommune har peikt på at ekspertutvalet si innføring av omgrepet «hovudstatsinstitusjonar» ikkje er tenleg, verken for spørsmålet om desentralisering av oppgåver eller for kulturpolitikken. Det er inga grunn til å leggja opp til ulik handsaming av institusjonar som Oslo Filharmoniske Orkester og Bergen Filharmoniske Orkester eller Nationaltheatret og Den Nationale Scene. Dei same prinsippa for oppgaveoverføring må leggast til grunn for desse institusjonane. Det er heller ikkje tenleg at Oslo kommune som fylkeskommune ikkje skal ha det same kunst- og kulturpolitiske ansvaret som andre fylkeskommunar.

Større ansvar til fylkeskommunane

Hordaland fylkeskommune er samd i vurderinga om overføring av oppgåver til fylkeskommunane. Overføring av oppgåver og ansvar vil gi større kulturpolitisk engasjement i fylkestinga. Dette vil heva den kulturpolitiske kompetansen, styrka den kulturpolitiske relevansen og vera i samsvar med intensjonane i regionreforma som ei demokratireform. Dette vil styrka den samla nasjonale kulturpolitikken.

Delt finansiering mellom stat og region

Hordaland fylkeskommune er glad for at meldinga peikar på dilemma som er knytt til delt finansiering. Desse problemstillingane har Hordaland fylkeskommune teke opp med staten ved fleire høve, ikkje minst når statlege løyvingar vert kombinerte med krav om regionalt eller lokalt bidrag utan dialog i forkant. Dette grip direkte inn i det fylkeskommunale sjølvstyret og sett ofte fylkeskommunen i ein uheldig situasjon. Dette medverkar til å hemma det frie, sjølvstendige kulturpolitiske ansvaret og initiativet på fylkeskommunalt nivå, og kan på sikt vera uheldig for ei god utvikling av kulturpolitikken.

Meldinga opnar likevel for at delt finansiering i mange tilfelle vert sett på som ei god løysing, ikkje minst av kulturlivet sjølv. Hordaland fylkeskommune stiller seg på denne bakgrunn open for dette, ikkje minst når det gjeld driftstøtte til verksemder med det som vert kalla «nasjonalt mandat».

Vi vil likevel streka under at samfinansieringa må vera fundamentert på krav om god og likeverdig dialog. Dersom omsynet til regionreforma som ein demokratireform skal ivaretakast, er det naudsynt å avvikla ordninga med at Stortinget fastsett fordelingsnøkkel for region-/landsdelsinstitusjonar (post 71) og region- og distriktsopera (post 73). Å vidareføra denne ordninga vil vera i motstrid med sjølvne grunnlaget for reforma.

Regjeringa vil vurdere om den statlege finansieringa av kulturverksemder som fylkeskommunane får hovudansvaret for skal innrettast med forskriftsfesta tilskotsordningar. Hordaland fylkeskommune er i prinsippet ikkje avvisande til dette, men forskrifta må utarbeidast i dialog med fylkeskommunane og må ikkje koma i motstrid til det grunnleggjande demokratiprinsippet i regionreforma. Eit sterkare regionalt demokrati gir sterkare regional kulturpolitikk.

Fagleg dialog og samhandling

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til intensjonen om å utvikla systematisert dialog og samhandling mellom dei aktuelle forvaltningsnivåa, mellom anna med involvering og deltaking frå kultursektoren. Det må sikrast at denne dialogen er adekvat og tilstrekkeleg i forhold til den einskilde fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune ser det som særst positivt at regjeringa kvart fjerde år legg fram eit dokument med nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging forankra i plan- og bygningslova.

Kulturlova

Hordaland fylkeskommune er samd i at kulturlova vert gjennomgått og styrka som styringsverktøy på alle forvaltningsnivåa, og ser gjerne at lova vert utvida med planføresegner.

Hordaland fylkeskommune støttar at armlengdsprinsippet må ligga til grunn i kulturpolitikken.

Hordaland fylkeskommune støttar at Norsk Kulturråd framleis bør ha ansvaret for fordelingar frå kulturfondet, med breitt samansett søkjargruppe frå heile landet og der vedtak blir gjort på grunnlag av fagleg skjønn, vurdert i eit fagleg råd. Vurderinga av søknadene er basert på fagfellevurdering, og har stor legitimitet og god forankring i kunst- og kulturlivet sjølv. Slik sett kan Kulturrådets rolle og verksemd samanliknast med Forskningsrådet si rolle innan kunnskapssektoren.

Rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar

Hordaland fylkeskommune støttar at det i berekningar av overføringar av tilskotmidlar frå det statlege kulturbudsjettet til fylkeskommunale rammetilskot må vurderast løysingar som over lengre tid gjer det mogleg å halde oppe fordelinga av midlar ut frå den geografiske plasseringa av institusjonar og tiltak. Uheldige konsekvensar av onfordelinga må unngåast.

Norsk Kulturråd

Hordaland fylkeskommune meiner det derfor er viktig at Kulturrådet si rolle som ein nasjonal arena for kunst- og kulturlivet kan oppretthaldast, primært med oppgåver knytt til Kulturrådet sitt grunnleggande oppdrag som forvaltar av Norsk kulturfond, slik ekspertutvalet føreslår.

Norsk kulturråd bør ikkje ha direktoratliknande oppgåver. Kulturrådet har til dømes fått utviklingsoppgåver og ansvar for forvaltning av fleire tilskotsordningar som med fordel bør overførast til regionalt nivå. Dette vil kunne tydeliggjera Kulturrådet si kunstpolitiske rolle framover, og samtidig gje fylkeskommunane større høve til å bidra til å bygga sterke regionale kunst- og kulturfaglege miljø som og kan medverka til sterkare regional og nasjonal utvikling på kunst- og kulturfeltet.

Kulturrådet bør ha som hovudoppgåve å gje stipend og prosjektbasert støtte til tiltak og produksjon innanfor det frie feltet, mens f.eks. driftsstøtte og utviklingsmidlar til kulturverksemdar og –aktørar samt til festivalar og arrangement, vert overført til det regionale nivå.

Landsfemnande frivillige organisasjonar

Hordaland fylkeskommune støttar at staten gjev tilskot til landsfemnande frivillige organisasjonar.